

## KOMMISJONSVEDTAK

2012/EØS/5/43

av 9. juli 2007

## om bruken av rådsdirektiv 72/166/EØF med omsyn til kontroll av ansvarsforsikring for motorvogner(\*)

[meldt under nummeret K(2007) 3291]

(2007/482/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 72/166/EØF av 24. april 1972 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om ansvarsforsikring for motorvogn og kontroll med at forsikringsplikten overholdes<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 2 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) 30. mai 2002 vart det gjort ei fleirsidig avtale, heretter kalla «avtala», mellom dei nasjonale forsikringsbyråa i medlemsstatane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet og andre assosierte statar. Avtala er knytt til kommisjonsvedtak 2003/564/EF av 28. juli 2003 om anvendelse av rådsdirektiv 72/166/EØF med hensyn til kontroll av ansvarsforsikring for motorvogn<sup>(2)</sup>, der Kommisjonen fastsette datoen då medlemsstatane vart pålagde å avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til ein av dei medlemsstatane som har skrive under på og er omfatta av avtala. Avtala har difor vorte utvida til å omfatte fleire statar ved at tilføyning nr. 1 og 2 vart vedtekne.
- 2) 8. mars 2007 vart tilføyning nr. 3 til avtala underskriven av dei nasjonale forsikringsbyråa i medlemsstatane og i Andorra, Kroatia, Island, Noreg og Sveits, slik at avtala vart utvida til å omfatte det nasjonale forsikringsbyrået i Bulgaria og Romania. Tilføyninga inneheld praktiske reglar for oppheving av kontrollen av forsikringa for køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til Bulgaria og Romania og er omfatta av tilføyninga.

- 3) Alle vilkåra for å avskaffe kontrollen av ansvarsforsikringa i samsvar med direktiv 72/166/EØF når det gjeld køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til Bulgaria og Romania, er difor stetta —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Frå og med 1. august 2007 skal medlemsstatane avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til Bulgaria og Romania og er omfatta av tilføyning nr. 3 av 8. mars 2007 til den fleirsidige avtala mellom dei nasjonale forsikringsbyråa i medlemsstatane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet og andre assosierte statar.

*Artikkel 2*

Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommisjonen om dei tiltaka som er gjorde for å gjennomføre dette vedtaket.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 9. juli 2007.

*For Kommisjonen*

Charlie McCREEVY

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 180 av 10.7.2007, s. 42, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 160/2007 av 7. desember 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg IX (Finansielle tjenester), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 26, 8.5.2008, s. 21.

(<sup>1</sup>) TEF L 103 av 2.5.1972, s. 1. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/14/EF (TEU L 149 av 11.6.2005, s. 14).

(<sup>2</sup>) TEU L 192 av 31.7.2003, s. 23.